Brannsikringsplan for Verneområdet med «tett trehusbebyggelse» på Lærdalsøyri

Lærdal kommune



Utført av:

SOS brannconsult as

GENERELLE OPPLYSNINGAR OM OPPDRAGET

Oppdragsgjevar	Lærdal kommune
Adresse	6886 LÆRDAL
Kontaktperson	Arbeidsgruppa v/
Telefonnummer	
E-postadresse	
Vårt prosjektnummer	26016
Vårt firma	SOS brannconsult as
Vår adresse	Elvevegen 4 3550 GOL
Dato	22.05.2009
Revisjon	12.10.2026
Ansvarleg for rapport	SOS Brannconsult as v/Atle Magne Strandos
E-postadresse	atle@brannconsult.no
Tilgjengeleg grunnlag	Plan- og bygningslov m/forskrifter Brann- og eksplosjonsvernlova m/forskrifter Materiell og vedtak i Lærdal kommune Materiell frå DSB Ulike rapportar, mellom anna frå Lærdalsbrannen Synfaringar

SAMANDRAG

I 2009 etablerte Lærdal kommune ei arbeidsgruppe som skulle arbeide med brannsikring av verneområdet på Lærdalsøyri. Før ein kunne starte med konkrete tiltak var det behov for å skaffe seg meir kunnskap om brannrisikoen i verneområdet. Dette skulle så ende opp i ein plan for prioritering av tiltak. Rapport med tiltaksplan vart utarbeida med bistand frå SOS Brannconsult as, og denne vart vedtatt av kommunen.

Det vart henta referanse og erfaring frå andre slike trehusmiljø, mellom anna frå Røros. Før ein kunne iverksette tiltak var det ein del formelle forhold som måtte avklarast, slik som avtalar med byggeigarar, fordeling av kostnader og ansvar for drift og vedlikehald.

Tiltaket som hadde høgast prioritet var å etablere eit brannalarmsystem som skulle dekke heile verneområdet. Frå 2009 og fram til i dag er det gjennomført ei rekkje brannsikringstiltak i verneområdet, og som både enkeltvis og samla har vore med på å redusere brannrisikoen i området.

Samstundes ser vi i dag at endra buformer, særleg knytt til fritidsmarkedet, endrar risikobiletet i vesentleg grad. Mange av bygga i verneområdet har blanda bruk (næring/bustad/fritidsbustad/utleige/Airbnb m.m.) og dette gjev andre utfordringar både til det førebyggande og det beredskapsmessige brannvernarbeidet.

Både Lærdalsbrannen i 2014 og brannen i Øyragata i 2025 gjev god lærdom til det vidare arbeidet, og særleg brannen i 2025 viser at det er behov for ein revisjon av brannsikringsplan og tiltaksplan.

Tiltaksplanen viser kva områder som er mest aktuelt å arbeide med framover. For fleire av desse tiltaka vil det vere aktuelt å søkje ekstern støtte til. Ei oppgradering av varslingsanlegget for verneområdet bør ha høg prioritet. Samstundes er det vesentleg å setje av tilstrekkeleg med ressursar til både administrativ og teknisk drift av etablerte tiltak.

INNHALDSLISTE

		Side
	SAMANDRAG	3
1	GRUNNLAG	5
	Innleiing	5
	Arbeidsgruppa sitt mandat og arbeid	6
	Akseptkriterier	7
	Områder og temakart	9
2	BRANNVESENET	10
	Organisering	10
3	FORSKRIFTSKRAV	11
	Teknisk forskrift	11
	Forebyggandeforskrift	11
4	RISIKO – KRITISKE FORHOLD	12
	Området	12
	Ansvar	13
	Statistikk	13
	Status – risiko – vurderingar	14
	01 Varsling	14
	02 El-anlegg	14
	03 Avstand mellom bygg	15
	04 Sprinkling av Bryggja – enkeltbygg og loft	15
	05 Sløkkeutstyr	16
	06 Søppel og rydding	17
	07 Organisatoriske forhold	17
	08 Brannvesenet, brannordning og samarbeid	18
	09 Brannvesenet, Innsatsplanar og brannøvingar	18
	10 Brannvesenet, beredskap og utstyr	19
	11 Erfaringslæring	19
	Ansvar og kostnadsfordeling	24
5	GJENNOMFØRTE TILTAK	24
	Status gjennomførte tiltak punkt 01 – 13	
6	TILTAKSPLAN	29
	Planlagde tiltak punkt 01 – 13	29
	Konsekvensar for brannvesenet og teknisk drift	32

Vedlegg temakart:
3 - Vestre del, temakart sløkkestrategi, 11.05.2009
4 - Austre del, temakart sløkkestrategi, 11.05.2009
26-01, Vestre del, temakart gjennomførte tiltak, 12.10.2026
26-02, Austre del, temakart gjennomførte tiltak, 12.10.2026
26-03, Vestre del, temakart brannalarm utført, 12.10.2026
26-04, Austre del, temakart brannalarm utført, 12.10.2026

1 – GRUNNLAG

Innleiing

Frå innleiinga i 2009:

> "Kva hadde Lærdal vore utan det gamle bygningsmiljøet på øyri?"
> Det er nok mange som stiller seg dette spørsmålet. Trehusa står tett i tett. Både hus og folk er tett innpå kvarandre i dette området. Folk vert, på ein positiv måte, prega av å vekse opp i eit slikt område og i eit slikt miljø. Noko av det verste som kan skje er om det skulle bryte ut ein storbrann i dette området, og særleg om dette skulle hende ein dag med sterk austavind. Det gamle og særprega bygningsmiljøet på Lærdalsøyri har stor verdi både lokalt og nasjonalt.

Og i januar 2014, etter ein lang periode med tørke og mykje austavind, skjedde det som ikkje skulle skje. Det som i fagmiljøet vert omtala som «Lærdalsbrannen» førte til at over 40 bygg brann ned. 16 av bygga var bustadhus, og 4 av bygga låg innanfor verneområdet. Eit av dei var det freda «Synneva Eris bygg». I juni 2025 fekk 2 bygg i den sentrale del av Øyragata store skader etter brann. Desse to brannane har særs ulik karakter og utvikling, men felles er at dei viser effekten av eit kontinuerleg brannsikringsarbeid med planverk, øvingar og eit brannvesen med høg kompetanse, rett utstyr og kort utrykkingstid. I juli i år (-26) var det ein stor brann i eit bustadområde på Stenseth i Krogstadelva (Drammen). Sjølv om dette er i eit heilt anna terreng og med anna bygningsutforming enn på Lærdalsøyri, so har brannen mange fellestrekk med «Lærdalsbrannen». Mellom anna tett bebyggelse og langvarig tørke.

Brannar i slike områder får stor merksemd i media, på godt og vondt. Den store og opne tilgangen på sosiale medium (SM) har ført til store endringar dei siste åra, men gjer det endå viktigare å ha ein god plan for informasjon og handtering av media i ulike krisesituasjonar. Dersom ein ikkje set seg i førarsetet sjølv, vil andre ta den plassen og styre kva som vert presentert.

Endra bruk av bygningar i verneområdet er også med på å endre risikobiletet. Tidlegare vart ein stor del av bygningsmassen i verneområdet brukt av eigarane sjølve til ulik næring og gjerne i kombinasjon med eigen bustad eller som fritidsbustad. I dag ser vi i større grad av bygningane vert investeringsobjekt og brukt til utleige der ein kan hente størst forteneste. Utleige til turistar gjennom airbnb og andre portalar vert meir og meir vanleg, også i verneområdet. Det betyr at dei som brukar bygningsmassen i det daglege verken har historia eller kunnskapen som er nødvendig for å kunne «bu trygt» i eit slikt særeigent bumiljø. Byggeigar kan vere kor som helst i verden, medan leigetakarar frå ulike nasjonar flyttar ut og inn. Dette skapar ein variabel og lite oversiktleg risikobilete.

Det går aldri an å sikre seg 100% mot at uhell skjer, men det kan gjerast mange tiltak som i sum er med på å redusere risikoen for stor brannskade betydeleg. Dette kan vere tiltak av både førebyggjande og beredskapsmessige karakter.

Lærdal kommune har over lang tid, i samarbeid med både lokale, regionale og nasjonale vernemyndigheiter, utført mykje arbeid for å betre branntryggleiken i verneområdet. Samstundes veit ein at dette er eit kontinuerleg arbeid som ikkje sluttar ein spesifikk dato, men krev at ein som kommune og myndigheit ser framover på kva tiltak som vil gje størt effekt.

Frå 2009 og fram til i dag er det gjennomført ei rekke brannsikringstiltak. Men at ein ikkje har lukkast i å ha like stort fokus på drift av tiltaka og informasjon ut til byggeigarane. Dette er lærdom det er viktig å ta med seg inn i det vidare arbeidet.

Lærdal kommune har vedtatt at tida er inne for ein revisjon av brannsikringsplan og tiltaksplan, og har etablert ei ny arbeidsgruppe med nytt mandat.

Arbeidsgruppa sitt mandat og arbeid

Lærdal kommune har etablert ei ny arbeidsgruppe som skal sikre tverrfagleg samarbeid og god dialog mellom fagområda brann, teknisk drift og kulturminneforvaltning. Det er utarbeida eige mandat for arbeidsgruppa. I status for mandatet står det mellom anna:

> *«Brannhendinga i juni 2025 synleggjorde alvoret i risikobiletet og behovet for både tekniske, organisatoriske og haldningsskapande tiltak. Arbeidet med brannsikring føreset ei heilskapleg og kontinuerleg tilnærming, der tekniske løysingar, drift og vedlikehald, beredskap, kompetanse og eigarinvolvering vert sett i samanheng. Det er no behov for å revidere både brannsikringsplanen og tiltaksplanen, samt sikre systematisk oppfølging og gjennomføring av prioriterte tiltak.»*

<u>Overordna mål</u>

Målet med arbeidet er å redusere risikoen for brann og brannspreiing i verneområdet i gamle Lærdalsøyri til eit akseptabelt nivå, og å avgrense skadeomfanget dersom brann skulle oppstå. Brannsikringsarbeidet skal bidra til å ta vare på verneverdige bygningar, kulturhistoriske verdiar, liv og helse, samt tryggje lokalsamfunnet.

<u>Delmål</u>

Arbeidsgruppa skal:

- revidere brannsikringsplanen og tiltaksplanen med utgangspunkt i risikovurderingar, erfaringar frå hendingar og utvikling i regelverk og teknologi
- prioritere tiltak basert på risiko, effekt og gjennomførbarheit

- sikre god samanheng mellom førebyggjande arbeid, beredskap og operative løysingar
- leggja til rette for god forankring hjå politiske organ, administrasjon, brannvesen, eigarar og andre relevante aktørar
- bidra til ei langsiktig og berekraftig forvaltning av verneområdet

Rammer
Arbeidet skal gjennomførast innanfor gjeldande økonomiske rammer, relevante lover og forskrifter, og i samsvar med nasjonale føringar for vern av kulturmiljø og brannsikring av tett trehusbebyggelse

Organisering

Prosjekteigar:
Lærdal kommune

Prosjektansvarleg:
Kommunedirektøren og kommunalsjef for teknisk, plan og eigedom

Arbeidsgruppe:
Prosjektleiar: Brannvesenet v/branninspektør Svein Ove Åmås
Medlemar i arbeidsgruppa:
- Teknisk v/ Jan Skeistrand
- Kultur v/ Ole Ramshus Sælthun
- Politisk representant Viktor Yttri, blir invitert til møter i arbeidsgruppa ved behov og nærare avtale

Ekstern bistand: SOS Brannconsult as v/Atle Strandos

Styringsgruppe:
Formannskapet

Framdrift og rapportering
Arbeidsgruppa skal utarbeide:
- revidert brannsikringsplan
- oppdatert tiltaksplan med prioritering
- oversikt over investeringskostnader og årlege driftskostnader
- forslag til vidare organisering og oppfølging

Arbeidsgruppa starta sitt arbeid våren 2026, og har gjennomført fleire arbeidsmøter fram til oktober 2026. Revidert plan vert lagt ut på høyring i oktober/november, og deretter til politisk handsaming i november/desember 2026.

Akseptkriterier

Når dette er eit verneområde for «tett trehusbebyggelse», so er det ein god beskrivelse av området. I verneområdet ser ein fort at her er det ein del problemstillingar som ein normalt ikkje har i eit "vanleg" bustadområde. Liten

eller ingen avstand mellom bygg. Nesten alle bygg er oppført i tre. Vindauge mot vindauge. Ulik bruk av bygg.



Typisk bygningsmiljø i verneområdet.

I dagens byggterminologi vil vi kalle dette for rekkjehus el.l., og med påfylgjande krav om branncelleskiljer mellom dei ulike brukseiningane (bustadane). Sjølv om ein del av bygga kan ha forholdsvis solide ytterveggar i t.d. plankelaft, ser vi vindauge i begge bustadane som vender rett mot einannan. I dag ville eit av dei to vindauga hatt brannklasse EI 30 (30 minutt brannmotstand), men det var ikkje aktuelt på 1800-talet.
Liten avstand mellom bygg, i kombinasjon med brannteknisk dårlege skiljekonstruksjonar, gjer at ein må planlegge tiltak for fleire bygg og eigedomar samla. I dette ligg det også ei vurdering om ein skal (eller må) akseptere at fleire bygg går tapt ved ein evt. brann. Som del av brannsikringsplanen i 2009 vart det utarbeida temakart for sløkkjestrategi. At det var rett å tenkje «soneinndeling» kom også tydeleg til syne i brannen i 2025. Sjølv om brannen starta i 8-tida på morgonen, og brannvesenet var raskt på plass, var det tilnærma uråd å hindre brannen i å spreie seg til nabobygget. Men rette val og stor innsats frå brannvesenet klarte ein å hindre brannen i å spreie seg vidare frå dei to bygga. Ein fekk også erfare at tiltaka med lågtrykk vasståkeanlegg, med vasstilkopling for brannvesenet, hadde stor effekt.



Arbeidet med reparasjon etter brannen i 2025 er i full gang.

Når tilnærma heile bygningsmassen i verneområdet ikkje tilfredsstiller dagens forskrifter med omsyn til å redusere brannspreiing, må ein nok akseptere at fleire bygg vil få skader eller gå tapt ved brann.

Områder og temakart

Som ein del brannsikringsplanen i 2009 vart det utarbeidd temakart. Desse gjev mellom anna oversikt over kvar det kan vere mogleg, og ynskjeleg, å stoppe ein brann frå vidare spreiing. Ei slik områdeavgrensing vil særleg vere aktuell i brannvesenet sitt arbeid med innsatsplanar.

Det er også utarbeida temakart etter kvart som ulike tiltak er gjennomført. Temakarta gjev opplysningar om type bygningar, tal røykdetektorar, bygg som er sprinkla, plassering av vasspostar med brannslange, nøkkelboksar m.m. Karta gjer det lettare å skaffe seg oversikt over området. Temakarta vert revidert som del av revidert brannsikringsplan.

2 – BRANNVESENET

Det er eit samarbeid i indre Sogn om brann -og redningstenestene. Årdal og Lærdal har felles leiing og tre fullbemanna brannstasjonar, to i Årdal (i samarbeid med Hydro) og ein i Lærdal.

Beredskapen i Lærdal er dekka med 16 deltidstilsette, og med vaktordning (heimevakt) for innsatsleiar (felles med Årdal) og utrykningsleiar.

Førebyggande arbeid vert ivareteke av branninspektør. Feiing og tilsyn vert og utført i samarbeid, to brannførebyggarar og ein feiarmeister.

Det er utarbeida felles ros, beredskap og førebyggande analyse for dei to kommunane.

Brannsjef og branninspektør er tilsett i Årdal kommune.

3 – FORSKRIFTSKRAV

Tekniske forskrift (TEK17)

Dette regelverket vil normalt vere gjeldande for alle tiltak som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova.

Overordna krav i gjeldande regelverk er at;

«Brannspredning mellom byggverk skal forebygges slik at

a) sikkerheten for personer og husdyr ivaretas

b) brann ikke kan føre til urimelige store økonomiske tap eller samfunnsmessige konsekvenser.»

Det vert vist til fylgjande link:

Plan- og bygningslova,

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71

Teknisk forskrift (TEK17),

https://www.dibk.no/regelverk/byggteknisk-forskrift-tek17

Forebyggandeforskrifta

Denne forskrifta fylgjer er etablert med heimel i Brann- og Eksplosjonsvernlova, og gjeld for alle bygg som er i bruk. Regelverket set tekniske og organisatoriske krav, og viser kva ansvar som ligg på eigar, leigetakar og kommunen/brannvesenet.

Krav til eigar er mellom anna:

- *Eieren av et byggverk skal kjenne kravene til brannsikkerhet som gjelder for byggverket.*
- *Eieren skal ha kunnskap om bygningsdeler, installasjoner og utstyr i byggverket som skal oppdage brann eller begrense konsekvensene av brann.*
- *Eieren skal gjøre den som har rett til å bruke byggverket kjent med kravene som gjelder for bruken av byggverket, og med alle egenskapene ved byggverket som har betydning for brannsikkerheten. Er det flere som har rett til å bruke byggverket, skal eieren sikre at all bruk samordnes på en måte som bidrar til å forebygge brann.*

Krav til den som brukar bygget (leigetakar):

- *Skal sørge for at byggverket brukes i samsvar med kravene til brannsikkerhet som gjelder for byggverket*
- *Skal unngå unødig risiko for brann, og sørge for at rømningsveiene opprettholder sin funksjon, herunder at fremkommeligheten ikke reduseres*
- *Skal informere eieren om endringer, forfall og skader i byggverket eller sikkerhetsinnretningene som kan påvirke sikkerheten mot brann*
- *Skal ved forhold som vesentlig reduserer brannsikkerheten, straks gjennomføre ekstraordinære tiltak inntil risikoen er normalisert.*

Krav til kommunen er mellom anna:

- *Kommunen skal kartlegge sannsynligheten for brann og konsekvensene brann kan få for liv, helse, miljø og materielle verdier i kommunen. Kommunen skal herunder kartlegge utsatte grupper i kommunen som har en særlig risiko for å omkomme i eller*

bli skadet av brann, og brannobjekter der brann kan føre til tap av mange menneskeliv.

- *Kommunen skal sørge for at den kommunale vannforsyningen fram til tomtegrenser i tettbygde strøk er tilstrekkelig til å dekke brannvesenets behov for slokkevann.*
- *I områder som reguleres til virksomhet hvor sprinkling er aktuelt, skal kommunen sørge for at det er tilstrekkelig vannforsyning til å dekke behovet.*

Det vert vist til fylgjande link:
Brann- og eksplosjonsvernlova,
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-14-20
Forebyggandeforskrifta,
https://www.dsb.no/brannsikkerhet/brannforebygging/regelverk-og-veiledning/
Lokal forskrift om feiing og tilsyn for Lærdal kommune vart vedtatt i 2022.
https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2022-06-16-2708

4 – RISIKO - KRITISKE FORHOLD

Området

Arbeidsgruppa har gjennomført nye befaringar i verneområdet. Dette for å få ein betre oversikt over type bygg, bruksområder, materialbruk, avstandar mellom bygg, tekniske anlegg m.m. Ein god oversikt over området er heilt avgjerande for å kunne vurdere risikobiletet, og gjer det lettare å vurdere aktuelle tiltak for brannsikring.




Lagring av brennbart materiale i uteområdet mellom bygg.

Befaringane forsterkar vår oppfatning av at det er behov for å gjere ytterlegare tiltak på fleire områder. Det vil vere heilt avgjerande at desse

tiltaka vert sett i samanheng, og at dei vert styrt slik at både utføring, drift og vedlikehald vert ivareteke.

Ansvar
Det er vesentleg å merke seg at alle tiltak som er og vert gjennomført er for å betre branntryggleiken i verneområdet. Kvar enkelt byggeigar har fullt ut ansvar for sitt eige bygg, og at dette er bygd og utstyrt i samsvar med gjeldande regelverk. Som døme har byggeigar ansvar for brannvarsling og sløkkeutstyr i eige bygg. Når Lærdal kommune etablerer felles brannvarslingsanlegg, so er det for å sikre tidleg varsling til brannvesenet for å redusere risikoen for stor brann i verneområdet. Kommunen overtek aldri den enkelte byggeigar sitt ansvar for eige bygg.

Statistikk
Det vert ført god statistikk over årsaksfordelinga for brannar her i landet. Kjennskap til dei mest vanlege brannårsakene er avgjerande for vurdering av risiko og prioritering av tiltak. Diagrammet nedanfor viser resultat frå brannvesena sine utrykningar til brann i bustad i 2025. Ca. 40% av alle bustadbrannar startar på kjøkkenet. Tørrkoking og anna feil bruk av komfyr er det enkeltobjektet som forårsaker flest branntilløp, bustadbrannar og utrykningar.



Oppdragstype for brann i bustader i 2025. Kjelde: DSB

Tal bak desse brannane viser at det er tre årsaksområder som dominerer. Det er "open eld", "elektrisk årsak" og "feil bruk av elektrisk utstyr". Siste statistikk viser også at ca. 7% av alle bustadbrannar er påsatt.
For å kunne redusere risikoen for stor skade ved brann, vil det vere behov for å gjere både førebyggande og beredskapsmessige tiltak.

Pkt.	Status - risiko – vurderingar
01	**Varsling** Tidleg varsling av brann er heilt avgjerande for å kunne hindre ein storbrann i verneområdet. Av den grunn vart etablering av felles trådlaus brannvarsling det fyrste store tiltaket som vart gjennomført etter at brannsikringsplanen i 2009 var ferdig. Eit trådlaust anlegg produsert og levert av Elotec AS, montert av 2tal-Elektro AS. Anlegget dekka heile verneområdet med 163 ulike bygg, og fordelt med 1 – 3 detektorar i kvart bygg. Som hovudregel 1 detektor i kvart bygg, og i tillegg 1 detektor i kvar etasje for bygg brukt til bustad, fritidsbustad og næring. Byggeigarane i verneområdet må sjølve sikre tilstrekkeleg røyk- og brannvarsling i eigne bygg. Felles brannalarmanlegg skal gje tidleg varsling til brannvesenet slik at dei kan iverksette rednings- og sløkkeinnsats. Evaluering etter brannen i Øyragata sommaren 2025 avdekka svakheiter ved brannvarslingsanlegget. Eksisterande anlegg er ca. 16 år gamalt. Det viser seg mellom anna å vere vanskeleg å skaffe nye deler og komponentar til anlegget. Lærdal kommune har iverksett eit eige prosjekt for å fornye brannalarmanlegget. Pr. dato tyder det på ei trinnvis utbygging/fornying over ein 2-3 års periode.
02	**El-anlegg og elektrisk utstyr.** Brannstatistikken viser at feil på elektriske anlegg og feil bruk av elektrisk utstyr utgjer 40-50 % av brannane i Noreg. Det er normalt slik at det er ein del eldre el-anlegg i gamle bygg, og at disse kan ha større risiko for feil og manglar. God kontroll av elektriske anlegg vil vere med å redusere brannrisikoen. Her er det viktig at byggeigar sikrar god kontroll med eige anlegg. I det vidare arbeidet er det viktig at eigarar, leigetakarar og myndigheiter held oppe fokus på dette området. Faste rutinar for eigenkontroll, fagkyndig kontroll og offentleg tilsyn på anlegga vil vere med å halde brannrisikoen nede. Det har dei siste åra vore ein markant auke i El-billading på private eigedomar. Det er av stor betydning at installering og lading skjer i samsvar med dei reglar og krav som gjeld for slikt utstyr, og at arbeid vert utført av godkjent installatør.

03 **Avstand mellom bygg - skiljekonstruksjonar**

Avstand mellom bygg, eller heller manglande avstand mellom bygg, er den store utfordringa i verneområdet. Som hovudregel skal det t.d. vere 8m avstand mellom bustadhus/brukseiningar. Alternativt skal bustadane vere skilt med brannteknisk skiljekonstruksjon. For dei fleste bygg i verneområdet ville krav til brannskilje vere i klasse EI 30 (B 30).

I verneområdet er avstanden mellom bygg og brukseiningar frå 0,0m og oppover. Mange bygg heng fysisk saman, og det er også smale «gater og geilen» som gjev liten avstand mellom bygga.



Bygningar brukt til næring og bustad. Utan avstand mellom bygga. Dei to midterste vart råka av brann sommaren 2025.

Bygningane som står tett saman har ytterveggar med liten brannmotstand, og i tillegg er det ofte uklassifiserte dører og vindauge i desse veggane. Noko som svekkar veggen som brannskilje ytterlegare.

I det vidare arbeidet bør det vurderast, i samråd med byggeigar, å gjere tiltak på enkelte skiljekonstruksjonar. Dette vil kunne auke tida som bebuarane har til evakuering, og auke tida bebuarar og brannvesen har til disposisjon før brannen spreier seg til neste bygg. Særleg aktuelt kan det vere med sikringstiltak på loft fordi desse har oftast vanskeleg tilkomst, og uisolerte konstruksjonar mot nabobygg. Før ein set i verk slike bygningsmessige tiltak, bør det gjerast ei nærare fagleg utgreiing av dette fagområdet. Tett samarbeid med byggeigar, lokale (og evt. sentrale) vernemyndigheiter er heilt nødvendig.

04 **Sprinkling av bryggja, enkeltbygg og loft**

Det gamle bygningsmiljøet på "Løytnantsbryggja" er kanskje noko av det mest særeigne i heile verneområdet. Dette området viser den historiske kontakten Lærdal og Lærdalsøyri har hatt til sjøen. Ved

	bryggja føregjekk all handel og kontakt med omverda. Ein del av bygningane på bryggja ligg slik dei låg på 1800-talet, og området er vurdert å ha stor antikvarisk verdi. Å sikre dette området for framtidige generasjonar bør ha høg prioritet. I samsvar med eksisterande brannsikringsplan er det her gjennomført tiltak med sprinkling. Dei eldste bygga (naust og uthus) er sikra med tradisjonell sprinkling. Dei to bygga (raudt og grått) som er brukt til fritidsbustad er sikra med tørrsprinkling (lågtrykk vasståke) med vasstilkopling for brannvesenet.  Ein del av bygningane ved bryggja "Løytnantsbryggja" Det ver i tillegg gjennomført sprinkling av fleire bygg. Lærdalsøren Motorhotell (tidlegare Kvammes) og Telehuset er fullsprinkla. Fleire bygg og loft er dekka med lavtrykk vasståkeanlegg der vasstilførsel vert sikra med tilkopling frå brannvesenet. Ein brann som oppstår eller spreier seg til loftsromma, vil vere ekstra vanskeleg å sløkkje/avgrense. At sprinkling av slike "sentrale" loftsrom kan vere ei god investering for brannsikringa i området fekk ein også stadfesta under brannen i Øyragata i 2025. Erfaring frå ein større brann i Storgata på Lillehammer i 2017 viser det same, at loftsprinkling har god effekt. Fortsatt tilbod om slik sprinkling bør inn som tiltak også i ny plan.
05	**Sløkkeutstyr** Bygningane er i dag utstyrt med manuelt sløkkeutstyr i samsvar med minskekrava i gjeldande regelverk. Bustader, fritidsbustader og næringsbygg har i hovudsak tilgang på brannslangar og/eller pulverapparat. For å kunne starte med sløkkeinnsats så raskt som mogleg er det, i tillegg til byggeigar sitt sløkkjeutstyr, etablert lett tilgjengelege "vasspostar" rundt om i verneområdet. Dette er vasspostar med brannslangar som er opne og tilgjengelege for alle som bur og ferdast i området. I tillegg til å vere eit godt tiltak i brannsikringsarbeidet, vil slike brannslangar kunne nyttast i det "daglege" til vatning og spyling. Ein slik "dagleg" bruk vil vere med å sikre at utstyret fungerer, og at bebuarane kjenner utstyret og kan bruke det. Sløkkepostane bør også nyttast av brannvesenet i samband med

	informasjonstiltak og øvingar. Behov for fleire sløkkepostar/vassuttak bør vurderast i tiltaksplanen.
06	**Søppel og rydding** Lærdal kommune har kjeldesortering av søppel, og denne ordninga er også gjeldande i verneområdet. Frå statistikken veit vi at søppeldunkar og kontainere som er plassert heilt inn mot bygg, er årsak til mange bygningsbrannar kvart år. I tillegg er uryddige forhold (rot) rundt bygg, og manglande brannsikre oskebeger ute, med på å auke brannrisikoen i ein område. Ei evt. endra løysing for handtering av søppel må vurderast saman med fagorgana i kommunen og SIMAS. Det kan vere i samband med reguleringsplanarbeid eller anna type arbeid innan fagområdet. Enklare tiltak som kan gjennomførast er plassering av brannsikre søppelspann og oskebeger. I tillegg bør det vurderast eigne tiltak i samband med dei tre store marknadsdagane på Øyri.
07	**Organisatoriske forhold, opplæring - informasjon - brannøvingar** Alle som driv næring har ein ansvar for å gje alle sine tilsette nødvendig opplæring i HMS-arbeidet, her under også opplæring og øvingar innan branntryggleik i eige bygg og eiga verksemd. Eit slikt krav fylgjer av brann- og eksplosjonsvernlova og IK-forskrifta. For å dekke gjeldande krav kan dei ulike bedriftene "køyre" eige opplegg, eller fleire bedrifter kan gå saman om slik opplæring. Samarbeid er klart å anbefale, og særleg i eit slikt verneområde. Det største tal bygningar i verneområdet vert nytta til bustad, fritidsbustad og tilhøyrande uthus. Alle som bur i slike bygg skal kjenne til rømningsvegar, kunne bringe seg sjølv i tryggleik ved brann, bruke manuelt sløkkeutstyr og teste/skifte batteri i røykvarslarar m.m. I denne marknaden ser vi også ein stor auke utleige til fritidsturisme, med gjestar frå både inn- og utland. Dette set eit heilt anna krav til byggeigar i form av tilstrekkeleg informasjon og opplæring for gjestane. Utleige via AirBnB og andre plattformer skjer ofte utan at byggeigar møter gjestane fysisk ved start og slutt på leigeforholdet. Digital kontakt mellom partane og tilgang på hus og leilegheiter med kodelås og nøkkelboksar gjer at heile leigeforholdet kan vere fjernstyrt. I eit særs sårbart område som verneområdet på Lærdalsøyri byr slik bruk av bygningar på ekstra utfordringar. Vi skal her ikkje ta stilling til om slike leigeforhold kan eller bør regulerast, men ynskjer å synleggjere kva utfordringar dette kan ha for branntryggleiken i verneområdet. I tillegg vil det vere uråd (og uaktuelt) å få slike

	tilfeldige gjestar med på felles tiltak i verneområdet. Utarbeiding av felles plan for opplæring, brannøvingar m.m. vil lettare sikre at aktuelle tema og tiltak vert gjennomført. Dette kan vere ein årsplan, og innehalde opplegg for den informasjon, opplæring og øvingar som skal gjennomførast komande år. Planen bør utarbeidast i tett samarbeid mellom grendalaget, næringslivet, kommunen og brannvesenet. Tema kan også vere: • Opplæring av sesongarbeidarar. • Rutinar ved arrangement.
08	**Brannvesenet, brannordning og samarbeid** Gjennom gjeldande brannlovgjeving er kommunen og brannvesenet pålagt ei rekkje oppgåver for å førebyggje og bekjempe brann. Kommunestyret har vedtatt ei brannordning for kommunen, og denne skal mellom anna fastsette kva for ressursar (både personell og utstyr) som må vere til disposisjon for at brannvesenet skal kunne gjennomføre sine oppgåver. Det er liten tvil om at gjennomførte og planlagde tiltak i verneområdet krev at brannvesenet set av årlege ressursar til arbeidet. Mest på førebyggjande side med oppgåver for tilsyn, informasjon, opplæring, utarbeiding av innsatsplanar og brannøvingar. Men også for beredskapen med øvingar og utstyr tilpassa det særeigne bygningsmiljøet i verneområdet. Ein plan for å betre branntryggleiken i verneområdet vil gje brannvesenet oppgåver utover det som ligg i vedtatt brannordning. I verneområdet bør det gjennomførast oftare tilsyn enn det som er minstekravet i regelverket. For å få best mogleg effekt av dette arbeidet bør det i størst mogleg grad gjennomførast felles tilsyn med El-tilsynet. Vi er kjent med at det er gjeve statlege midlar til planlegging av tiltak for brannsikring av tett trehusmiljø i nabokommunane Aurland og Luster. I tillegg er det i dag god dialog med kulturvernavdelinga i Vestland Fylkeskommune og tilhøyrande fagmiljø i Bergen brannvesen og andre kommunar/brannvesen med tett trehusbebyggelse i sitt område. Dette bør kunne utviklast til eit fagleg nettverk som kjem alle partar til nytte. Uansett bør ein kunne etablere eit tettare samarbeid i Indre Sogn.
09	**Innsatsplanar og brannøvingar** Brannvesenet skal gjennomføre opplæring og brannøvingar som sikrar at eige personell har nødvendig kunnskap til å handtere dei

	oppgåver som er tillagt gjennom gjeldande regelverk og vedtatt brannordning. Dette inkluderer også brannøvingar retta mot det særeigne bygningsmiljøet i verneområdet. Det er utarbeida beredskapsanalyse for Årdal og Lærdal. Utarbeiding av innsatsplanar for særlege objekt, slik som verneområdet, inngår i analysa. Utarbeiding av innsatsplanar bør prioriterast. Innsatsplanane må "testast" ved å gjennomføre brannøvingar. Tilkomst, biloppstilling, områdeavgrensing, vasstilgang, sløkketeknikk, evakuering m.m. er element som i sum vil avgjere utfallet i ein kritisk brannsituasjon. Dei erfaringar som brannvesenet får gjennom utarbeiding av innsatsplanar og brannøvingar i verneområdet, vil vere til stor nytte for brannvernarbeidet i heile kommunen.
10	**Beredskap og utstyr** Brannvesenet skal vere organisert og disponere det utstyr som er nødvendig for å handtere dei oppgåver som er pålagt gjennom gjeldande regelverk og vedtatt brannordning. Generelt sett er beredskapen og utstyrsnivået i brannvesenet godt. Arbeidet med brannsikringsplan for verneområdet har ikkje avdekka behov for særeigent utstyr i brannvesenet. Brannen i 2025 viste stor effekt ved bruk av stigebilen frå Årdal.
11	**Erfaringslæring** **Lærdalsbrannen, januar 2014** På kvelden den 18. januar 2014 begynte det å brenne i eit bustadhus i Lærdal sentrum. Brannen spredte seg raskt i den sterke vinden. 40 bygningar, herav17 bustadhus, gjekk tapt. 3 bygningar innanfor verneområdet gjekk tapt, mellom anna Synneva Eris hus. Det vart utarbeida fleire rapportar etter brannen Rapportane tek føre seg ulike element, både arbeidet før (det førebyggande arbeidet), sjølve brannen frå start til slutt, vèr- og vindforhold, og evaluering (læringspunkt). Sjølv om det meste av «Lærdalsbrannen» skjedde utanfor verneområdet, vil det vere rett å bruke erfaringane frå brannen på ein best mogleg måte i det vidare arbeidet med brannsikringa i verneområdet. Det meste av læringspunkta i rapportane er knytt til kommunen og brannvesenet sitt arbeid. Vi har sett på 2 av hovudrapportane, og plukka ut læringspunkt som kan vere aktuelle for «arbeidsgruppa for brannsikring av Lærdalsøyri» sitt vidare arbeid.

Rapportar.

- DSB sin rapport frå *«Brannene i Lærdal, Flatanger og på Frøya vinter 2014. Læringspunkter og anbefalinger.»*
- SP Fire Research AS. *«Hva kan vi lære av brannen i Lærdal i januar 2014? Vurdering av brannspredningen.»*

Rapporten frå DSB omhandlar dei 3 brannane i Lærdal, Flatanger og på Frøya. I oppsummeringa er det lista opp i alt 17 læringspunkt. Aktuelle læringspunkt for det vidare arbeidet med brannsikring av verneområdet på Lærdalsøyri:

Pkt. 2 Oppfølging av ros-analyser gjennom innsatsplaner for brannvesenet

Pkt. 3 Helhetlige brannsikringsplaner for områder med tett trehusbebyggelse

Rapporten frå SP Fire Research AS omhandlar berre Lærdalsbrannen, i si oppsummering kjem dei med «Konklusjoner og anbefalinger» innan fylgjande områder:

«9.1 Brannspredningsmekanismer
9.2 Forebyggende og brannbegrensende tiltak
9.2.1 Kostnader og nytteeffekt
9.2.2 Brannbegrensende innsats
9.2.3 Anbefalte tiltak for huseiere
9.2.4 Aktive tiltak
9.3 Slokkemidler og slokketeknikker
9.4 Planlegging
9.5 Behov for mer forskning
9.5.1 Endret brannrisiko?
9.5.2 Dagens kunnskapsstatus – nytteverdi for norske forhold?
9.5.3 Effekt av ulike brannsikringstiltak»

Aktuelle læringspunkt for det vidare arbeidet med brannsikring av verneområdet på Lærdalsøyri:

9.2.3 Anbefalte tiltak for huseiere

Her peikar rapporten på ulike tiltak som huseigarar kan gjennomføre. Eit tiltak er å begrense moglegheitene for at flygebrannar og glør kan få feste i konstruksjonen, eller trenge inn i bygningen:

- Tette att holrom under vindskier og inn til loft.
- Tette att holrom under takplater og takstein.
- Vedlikehalde kledningen så den ikkje har sprekker som glør kan feste seg i (t.d. ved maling).
- Ha netting i ventilar.
- Montere fugleband eller anna beslag i takkonstruksjon.

Eit anna tiltak er å halde det ryddig rundt huset, unngå vegetasjon inntil veggen. Graset bør haldast kort i periodar med langvarig tørt vèr.

Enkelte tiltak er meir omfattande, og kan vurderast ved nybygging og ombygging av hus:

- Takutstikk bør vere tette mot flygebrannar, og ha ei

utforming som ikkje fører til samling av glør ved brann i sterk vind (takutstikk bør ikkje vere for lange, og ikkje ha for stor vinkel).

- Det fins produkt (ventilar, lister) som hindrar brannspreiing gjennom raftekassar og i lufta kledning, disse bør installerast av fagfolk.
- Taktekking bør vere av en type som hindrar at flygebrannar trenger inn i takkonstruksjonen.
- Utskifting av eldre eitlags vindauge til vindauger som motstår varmestråling betre (f.eks. vindauge med fleire lag glas).

Merknad:
Vi gjer merksam på at for alle bygningstiltak i verneområdet må det søkjast om byggeløyve til Lærdal kommune.

Bileter frå Lærdalsbrannen.



Bilete teke ut på dagen den 19. januar 2014.

Brann i Øyragata, juni 2025.
Laurdag 7. juni 2025 vart det meldt om brann i Øyragata 18. Brannen spreidde seg til Øyragata 20. Stor og god innsats frå brannvesenet, andre nødetatar og frivillige gjorde at det berre var desse to bygga som vart skada.
Etter det ein er kjent med skal begge bygga reetablerast.

Forhold med verknad for resultatet:

- Gunstig vind.
- Lett tilkomst.
- Stor og rett innsats frå brannvesenet.
- Forholdsvis tidleg varsling frå private.
- Vanntåkeanlegg i bygga.

- Tilgang på stigebil frå Årdal sikra sløkking ovanfrå gjennom tak.
- Fokus på brannsikring av verneområdet over tid.




Bilder frå sløkking av brannen.

Andre merknader:
Etter brannen har kommunen gjennomført folkemøter og andre informasjons- og planleggingsmøte for å drøfte vidare arbeid med brannsikring i verneområdet generelt, og ei oppgradering/fornying av brannalarmanlegget spesielt.

Det er verdt å merke seg at det som del av brannsikringsplanen i 2009 vart utarbeida temakart som viste alternative barrierer for å hindre vidare brannspreiing. Utsnitt frå temakartet viser at ein ved brann kunne pårekne skade/tap i heile denne rekkja i Øyragata 16-22. Under brannen i 2025 klarte ein å avgrense skadane til nr. 18 og 20.



Utsnitt frå temakart i 2009.

Krogstadelva, juli 2026

Pr dato føreligg det ingen offentlege rapportar etter brannen i Krogstadelva. Når slike rapportar kjem, kan vi gjere ei betre vurdering av aktuelle læringspunkt frå hendinga. Våre opplysningar er henta frå redaktørstyrt media, og i tillegg frå innsatsleiinga sin presentasjon på Brann & Redningskonferansen på Gardermoen 23.09.26.

Brannen på Stenseth i Krogstadelva ved Drammen starta på ettermiddagen den 17. juli 2026. Den varmaste dagen med over 30 grader i skuggen. Det hadde då vore varmt og tørt vær i lang tid.

116 bustader gjekk tapt og over 400 personar vart evakuert. Ingen omkomne, men nokre fekk hjelp etter å ha fått i seg røyk. Fleire

skogbrannar i området rundt bustadområdet.

Særs rask utvendig brannspreiing. Nokre punkt frå innsatsleiinga sin presentasjon (vi legg inn lite frå sjølve innsatsen):

- Bygningar stor sett frå 70 og 80 talet.
- Mykje vegetasjon i feltet.
- Ca. 30 dagar med varme og tørke.
- Vind på 3 – 7 m/s.
- Tett trehusbebyggelse.
- Trange stikkvegar, og mange utan mogleg gjennomkøyring.
- Berre tilkomst frå vest.
- 15 grader stigning på terrenget.
- Ein del opne vindauge og dører pga. varmen.
- Mannskap og utstyr frå heile østlandsområdet.
- 6 helikopter i innsats.
- Droner gir god oversikt.
- Mykje støy.





Bilete før og etter brannen.

Felles punkt frå dei to brannane i 2014 og 2026

- Tørke lang tid i førvegen.
- Tett bebyggelse.
- Trange tilkomstvegar.
- Vind, men langt kraftigare vind i Lærdal enn i Krogstadelva.
- Brannen «hoppa over» bygg.
- Ein del vegetasjon mellom bygga.

Ansvar og kostnadsfordeling

I brann- og eksplosjonsvernlova står det mellom anna at:

> *Eier av byggverk, område, transportmiddel, produksjonsutstyr, annen innretning eller produkt plikter å sørge for nødvendige sikringstiltak for å forebygge og begrense brann, eksplosjon eller annen ulykke.*
> *Eier og bruker av byggverk ……. plikter å holde bygningstekniske konstruksjoner, sikkerhetsinnretninger og øvrige sikringstiltak til vern mot brann, eksplosjon eller annen ulykke i forsvarlig stand og påse at disse til enhver tid virker etter sin hensikt.*

Det er eigar (og brukar) som har ansvar for branntryggleiken i bygg. I verneområdet er det mange byggeigarar. For å auke branntryggleiken i dette området er ein avhengig av eit tett og godt samarbeid mellom det private (eigar/brukar) og det offentlege (kommune/brannvesen).

5 – GJENNOMFØRTE TILTAK

Sidan oppstarten i 2009 er det gjennomført mange brannsikringstiltak i verneområdet. Det største enkeltprosjektet er etablering av felles trådlaust brannvarslingsanlegg for 163 bygg i heile verneområdet. Dette var 1. prioritet og anlegget vart etablert i 2009-2010.

Som trinn 2 starta arbeidsgruppa arbeidet med sprinkling. Fyrst ut var sprinkling av Kvammes hotell, og deretter nausta på Løyntnantsbrygga. Heile «Kulturbanken» er dekka med «tørranlegg lavtrykk vanntåke», og Telehuset er sprinkla med «lavtrykk vanntåke». Vidare er det etablert tørranlegg for sprinkling av loft i private bygg. Alle tørranlegga fungerer slik at det er eit røyropplegg med sprinklerdyser i bygget (eller i del av bygget), og utvendig tilkoplingspunkt for vatn frå brannvesenet (frå tankbil eller frå brannkum/-hydrant).

Nedanfor fylgjer tabell/oversikt over gjennomførte tiltak. Oppgjevne budsjett/rekneskap er ikkje kvalitetssikra opp mot kommunen sine faktiske rekneskap.

Pkt.	Tiltak	Gjennom-ført	Planlagt	Budsjett / Rekneskap
01	**Varsling** Det er etablert trådlaus røyk- og brannvarsling i heile verneområdet. Ved alarm er det direkte og adresserbar varsling til alarmsentral (110-sentralen).	2009-2010		2.300.000,-

02	**Sprinkling / vanntåke** Gjennomført sprinkling etter prioritering i 2010: 1. Kvammes hotell (fullsprinkla). 2. Løyntnansbryggja 1, 2, 3, 4, og 7 (fullsprinkla) 3. Løyntnantsbrygga 5, (tørranlegg lavtrykk vanntåke) 4. "Butikkane" vis a vis Kvammes, Øyragata 16, 20 og 22. Loftssprinkling. (Øyragata 18 vart installert av byggeigar sjølv ved rehabilitering ca. 2020.) 5. «Kulturbanken», (tørranlegg lavtrykk vanntåke heile bygget) 6. Andre private bygg / loft i verneområdet, «tørranlegg lavtrykk vanntåke». 7. Øyragata 16 og 20, og Løyntnantsbrygga 6, (tørranlegg lavtrykk vanntåke, heile bygga) Pr. 01.01.26 er det etablert tørranlegg i 17 bygg med 25% eigenandel. 10-15 huseigarar er tidlegare (2017) registrert som interesserte for sprinkling av loft med tørranlegg. 25% eigenandel.	2010-2011 2011 2015-2016 2016 2015 - 2019 2015-2019 2021-2024		1.000.000,- 1.100.000,- 200.000,- 300.000,- 200.000,- 1.150.000,- 600.000,-
03	«**Telesentralen»** Bygget er i 3 etasjar med ei grunnflate på ca. 150 m^2. Brannteknisk oppgradering av bygget: 1. Oppgradering av brannalarmanlegget. Tilslutning til 110-sentral. 2. Sprinkling av heile bygget med lavtrykk vanntåke. Fullt	2018-2019		1.300.000,-

	tilkopla med sprinklerventil. 3. Nytt innlegg av vatn.			
04	**Manuelt sløkkeutstyr, vasspostar** Etablert 4 vasspostar med brannslangar for bruk i området, og 1 brannhydrant. • 2 vasspostar etablert i 2010 (1 ved Kvammes og 1 ved Løyntnantsbrygga). • 2 vasspostar (1 vasspost ved kyrkja og 1 vasspost ved Lindstrøm). • 1 hydrant ved 31/395, Gjerde.	2010 2016-2017 2016		Ca. 100.000,- Ca. 100.000,- Ca. 150.000,-
05	**Opplæring og informasjon** Gjennomførte tiltak: • Brannøvingar med grendalaget. • Infoskriv til husstandane i verneområdet. Generell brannsikkerheit (grilling, fyrverkeri, rydding, søppel, eingangsgrillar, m.m. • Samarbeid med helsetenestene. Risikobasert brannførebygging hjå utsette grupper (eldre, verna område, tryggheitsalarm, r.d., mange typar alarmar,) • Open brannstasjon i samband med Lærdalsmarknaden. Brannstasjonen vert flytt ned i marknadsområdet. Blir gjennomført. Inkl. sløkkestasjon.	2010 - 2019		Ca. 300.000,- (Årleg 30-50.000,-)
06	**Bygningsmessige tiltak** Gjennomført mindre bygningsmessige arbeider i samband med sprinkling.	2010 – 2019		Ca. 50 000kr
07	**Lokal forskrift**			

	Utarbeide lokal forskrift.	2022		Ca. 50.000,-
08	**Tilsyn** Gjennomført vanleg tilsyn ved feiing og tilsyn av fyringsanlegg, røykvarsling og sløkkeutstyr. Grad av tilsyn ved skifte av batteri i brannalarmanlegget.	2010 - 2019		I stor grad lovpålagt og dekka av kommunalt gebyr.
09	**Innsatsplanar og temakart** Utarbeida ulike temakart for plassering av tilkoplingspunkt sprinkleranlegg og plassering av nøkkelboksar.	2018		Ca. 50.000,-
10	**Utstyr** Innkjøp av diverse utstyr med særleg fokus på verneområdet: • Varmesøkjande kamera. • Skjæresløkkar. • «Framskutt eining», vaktbil med nødvendig utstyr (høgtrykkspumpe) for rask sløkking og redning.	2010 2011		Ca. 150.000,- Ca. 200.000,-
11	**Avtalar** For at Lærdal kommune skal kunne ha ansvar for etablering, drift og vedlikehald av teknisk utstyr, måtte det inngåast avtale med alle byggeigarar som mellom anna sikra: • Tilgang til bygningane (nøklar) • Rett til etablering og montering av utstyr. • Tilgang for drift og vedlikehald av montert utstyr. • Evt. andre forhold som partane vil ha med.	2009-2010		Ca. 100.000,-
12	**Nøkkelboksar** Etablere nøkkelboksar. Kvar nøkkelboks dekker fleire bygg.	2017 - 2018		Kr. 200.000,-

	Det er utarbeida temakart som viser plassering av boksane.			
13	**Søppel** Kvammes, etablering av brannsikre søppelspann og askebeger utvendig.			
	SUM			**9.600.000,-**
	Brannsikringsplan, prosjektering, prosjekt- og byggeleiing (2010 – 2019)			800.000,-
	Interne kostnader, stipulert			500.000,-
	Resterande prosjektmidlar frå riksantikvar, fylkeskommunen og kommunen			
	Samla sum			**10.900.000,-**

6 – TILTAKSPLAN

Organisering
Erfaring frå over 15 års arbeid med brannsikring av verneområdet på Lærdalsøyri viser at det er viktig med kontinuitet i arbeidet.

Fagrådet kan nyttast for innspel og avklaringar etter behov.

Det kan ikkje setjast i gang arbeid med kostnadsramme som overstig dei til ein kvar tid disponible midlar.

Pkt.	Tiltak	Ansvar	Tidsplan	Budsjett
01	**Varsling** Oppgradering av brannalarmanlegget for verneområdet. Vert styrt som eige prosjekt av Lærdal kommune. Dekningstest i området er gjennomført, og med positivt resultat. Oppgraderinga skjer i løpet av ein 3-års periode. Her kan det søkjast om støtte hjå fylkeskommunen på midlar for «brannsikring av tett trehusbebyggelse».	Kommunen, eiga prosjektgruppe	2026-2029	Ca. 2,0 mill.
02	**Sprinkling / vanntåke** Tilbod til byggeigarar om loftssprinkling.	Prosjektgruppa	2028 – 2032	Ca. 2,0 mill.
03	**Manuelt sløkkeutstyr, vasspostar** Utarbeide driftsrutinar på etablerte vasspostar og brannhydrantar. Vurdere behov for å dekke nye områder, særleg i austre del av verneområdet. Evt. samordne med utbygging av VA-nett.	Prosjektgruppa og kommunen	2028-2032	Ca. 500.000,-

04	**Brannøving og informasjon** Utarbeide plan for opplæring og informasjon. Innspel til innhald: • Informasjon om brannsikringstiltak på kommunen si heimeside. • Brannøving med grendalaget. • Infoskriv til husstandane i verneområdet. Generell brannsikkerheit (grilling, fyrverkeri, rydding, søppel, eingangsgrillar, m.m. • Samarbeid med helsetenestene. Risikobasert brannførebygging hjå utsette grupper (eldre, verna område, tryggheitsalarm, r.d., mange typar alarmar,) • Open brannstasjon eller «stand» i samband med marknadsdagar. • «Glad i Lærdal», for heile skulen, 6. og 9. klasse. I juni. Aktivitet med brannvesenet. Planlegge tiltak retta mot info i verneområdet. Vise bygg med anlegg (alarm/sprinkling/…). Sløkkeøving. • Utarbeide info til «sommarhotella», turistinfo, og andre ferierande om sikringstiltak i Verneområdet. På fleire språk. Samarbeid med næringa. • Etablere plass for eingangsgrillar. Konteiner for å kaste kolrestar. • ……	Brannvesenet (i samarbeid med kommunen, arrangørar og næringsliv.)	2027 -	Ca. 50.000,- pr år.
05	**Bygningsmessige tiltak** Utarbeide plan for aktuelle bygningsmessige tiltak for utbetring av brannskiller.	Prosjektgruppa i samarbeid med byggeigarar.	2028 – 2032	100.000,- (plan) 1,0 mill.- (tiltak)
06	**Informasjon ved særlege høve** • Ved langvarig tørke og vind.	Brannvesenet	Årleg	20.000,- pr år.

	• Før grillsesong. • Før jul – fyrverkeri.			
07	**Tilsyn** Aktuelle objekt i verneområdet er "særskilte brannobjekt". Tilsyn etter eiga liste. Gjennomføre tilsyn i hht den lokale forskrift og «vanlege» tilsyn frå brannvesenet. Samordna tilsyn med El-tilsynet.	Brannvesenet	Etter eigen plan	
08	**Innsatsplanar** Generell innsatsplan for verneområdet. Evaluere og revidere på grunn av ny kunnskap og erfaring.	Brannvesenet	2027-2030	100.000,-
09	**Utstyr** Brannsikre avfallsdunkar og askebeger. Komfyrvakter i alle bustader/fritidsbustader.	Prosjektgruppa	2028-2032	300.000,-
10	**Avtalar** Avtalar med alle byggeigarane i området. Plan at dei bør tinglysast på kvar eigedom/bygg. Blir teke i samband med oppgradering av varslingsanlegget. Avtalane må ha med seg ansvarsfordeling og drift for dei ulike anlegg: - Brannalarmanlegg - Sprinkler - Nøklar	Kommunen	2027	100.000,-
11	**Nøkkelboksar** Oppgradere merking av nøklar i nøkkelboksane, og om det er tilgang til alle aktuelle bygg.	Kommunen. (Som del av pkt. 10.)	2027	50.000,-
12	**Søppel** Avklaringar med SIMAS. Forsikring sine krav til	Kommunen i samarbeid	2028-2032	50.000,- (plan)

	næringsbygg (5m avstand til bygg). Reguleringsplan. Handtering av brannfarleg avfall.	med SIMAS		
13	**Arrangement** Samarbeid med arrangørar av større arrangement. I samarbeid med politi. - Planlegging i forkant/møter. - Behov for ROS-analyse - Tiltak - Oppfølging	Brannvesenet	2027 -	50.000,- pr. år

Konsekvensar for brannvesenet og teknisk drift.
Stort sett alle investeringar vil ha konsekvensar for den daglege drifta i kommunen og brannvesenet. Særleg drift av tekniske anlegg er tid- og kostnadskrevjande. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg ressursar til drift og vedlikehald i samband med brannsikringsarbeida i verneområdet. Dette vil vere ein føresetnad for at tiltaka skal ha effekt over tid. «Brannsløkking» har kortvarig effekt.